



Fylkesmannen i Vestland

«MOTTAKERNAVN»
Til adressatar i følgje liste

Vår dato: 25.06.2019
Dykkar dato: «REFDATO»
Vår ref: 2019/355
Dykkar ref: «REF»
Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom Dybwad, 5764 3123

Flostranda naturreservat – vedtak om oppretting etter prosedyren for frivillig skogvern

Regjeringa gjorde i statsråd 21.06.2019 vedtak ved kgl.res. om å opprette/utvide i alt 29 skogvernområde i medhald av naturmangfaldlova gjennom ordninga om frivillig vern. I Sogn og Fjordane gjeld det oppretting av

- Kvist naturreservat i Balestrand kommune, Sogn og Fjordane fylke
- Flostranda naturreservat i Stryn kommune, Sogn og Fjordane fylke

Alle som har hatt oppretting av Flostranda naturreservat på høyring, vert underretta om vedtaket, og får tilsendt vernekart og verneforskrifter i dette brevet, sjå vedlegg.

Klima- og miljødepartementet (KLD) har bede Fylkesmannen gjere vedtaket kjent for fylkeskommunen, kommunane, grunneigarar og andre lokale/regionale instansar/interessegrupper. Alle som har hatt saka på lokal høyring skal underrettast om vedtaket. Foredraget til kongeleg resolusjon ligg på KLD sine heimesider, www.kld.dep.no. Alle som ønskjer det, kan vende seg til Fylkesmannen for å få papirkopi av vernekartet.

Klima- og miljødepartementet (KLD) vil sende vedtaket til tinglysing på dei gnr./bnr. som det gjeld, og syte for kunngjering i Norsk Lovtidend (avd. II, lokal og regionale forskrifter), og gjere vedtaket kjent for sentrale høyringsinstansar og Miljødirektoratet.

Fylkesmannen ber om at fylkeskommunen og kommunane tek vare på forskrifter og kart slik at områda blir innarbeidde i arealplanlegginga.

Fylkesmannen gjer grunneigarar og andre lokale instansar merksame på at dersom ikkje anna er nemnt i verneforskriftene, gjeld viltlova, lakse- og innlandsfisklova og motorferdsellova.



Klima- og miljødepartementet (KLD) har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å sjå til at det blir gjennomført naudsynt merking, skilting og kartfesting ved ajourføring av økonomiske kartblad.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er delegert forvaltningsstyremakt for Flostranda naturreservat.

Om erstatning

Ved frivillig skogvern har grunneigarane i områda medverka frivillig i verneprosessen, og at erstatningssummane er avtalte på førehand. Dette er i samsvar med ordninga som er utarbeidd for frivillig vern av skog i Noreg. Erstatningsbeløpet vil bli utbetalt kort tid etter at vernevedtaket er gjort.

For eventuelt areal eller rettar som ikkje er omfatta av ordninga med frivillig vern gjer Fylkesmannen grunneigar merksam på at det er reglane om erstatning i naturmangfaldlova §§ 50 og 51 som gjeld. Etter naturmangfaldlova § 50 kan eigarar av og rettshavarar i eigedom som vert freda som naturreservat, krevje erstatning av staten for økonomisk tap som er ein følgje av vedtaket. Sidan erstatning allereie skal vere avklart og avtalar inngått, går vi ikkje nærrare inn på reglane for erstatning som gjeld for reservatfreding i dette brevet utover at erstatning for vern som naturreservat skal utmålast i samsvar med utmålingsreglane i vederlagslova (ekspropriasjonerstatningslova).

Dersom du ønskjer meir informasjon om vernevedtaket eller har spørsmål om erstatning eller anna, er du velkommen til å ta kontakt med sakshandsamar hos Fylkesmannen, som er seniorrådgjevar Tom Dybwad, tlf. 57 64 31 23 eller miljødirektør Kjell Kvingedal, tlf. 55 57 23 12

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kart over Flostranda naturreservat
Verneforskrift for Flostranda naturreservat



Mottakerliste:

SABIMA

Norges Naturvernforbund

Statnett

Tecnogarden (nødnett)

Forsvarsbygg

Statens vegvesen region vest

Asbjørn Fure

Roger Øren

Kolbein Nesheim

Norges Skogeierforbund

Luftfartstilsynet

Norsk organisasjon for terrrengsykling - NOTS

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Høgskulen på Vestlandet avd naturforvaltning Sogn og Fjordane

Stryn Energi AS

Stryn Bonde- og Småbrukarlag v Arne Sølvberg

Stryn Bondelag vBjørn M Rørtveit

Arve Lindvik

Geir Ove Lindvik

Jon Nedre Flo

Kolbein Fridtun

Direktoratet for mineralforvaltning

Sogn og Fjordane avd.NOF v/ Anders Braanaas

Indre Nordfjord Turlag v/Olav Auolem

Bjørn Inge Flo

Lisbet Aarnes

Tor Hofrenning

Martin Flo

Universitetet i Bergen, Geologisk institutt

Riksantikvaren

Norsk Skogbruksforening NORSKOG

Stadnamntenesta på Vestlandet

Sogn og Fjordane Skogselskap

Norges Jeger-ogFiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane

Magni Fure

Norsk Ornitologisk Forening

Fortidsminneforeningen



Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest
Vest Politidistrikt
Verdens Naturfond (WWF Norge)
Sogn og Fjordane Bondelag
Kjell Steinar Lindvik
Miljødirektoratet
Universitetsmuseet i Bergen
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane Turlag
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Stian Fure
Leif Magne Ljøstad
Klima- og miljødepartementet
Vestskog
Norsk institutt for naturforskning NINA
Norges geologiske undersøkelse (NGU)
Det Norske Skogselskap
Den Norske Turistforening DNT
Avinor
Visit Nordfjord
Stryn og Hornindal jeeger-og fiskar forbund v O Andersbakken
Stryn kommune
Gerd-Jorunn Yttergård
Egil Reidar Flo

6783 STRYN



Vedlegg: Kart over Flostranda naturreservat





Vedlegg: Verneforskrift for Flostranda naturreservat

Forskrift om vern av Flostranda naturreservat, Stryn kommune, Sogn og Fjordane

Fastsett ved kongeleg resolusjon 21. juni 2019 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit edellauvskogsområde som er særleg viktig for biologisk mangfold ved at det har sær gode lokalklima- og jordbotntilhøve, som står i ei særstilling i Noreg på grunn av storleiken og mangfaldet i skog- og vegetasjonstypar og som er leveområda for mange artar.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urord tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Stryn kommune: 3/1, 4/1, 5/1, 5/2, 5/4, 6/1, 6/2, 6/3, 6/4, 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6, 7/7, 7/9.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1830 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet juni 2019. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Stryn kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne tre, planter eller plantedeler og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Granplanting og treslagskifte er ikkje tillate. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrannning er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- e) Utsetting av saltstein for husdyr.
- f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- g) Merking og rydding av eksisterande stiar etter retningslinjer i forvaltningsplan.



- h) Rydding av stiar for ferdsel og sanking av beitedyr etter retningslinjer i forvaltningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- i) Forvaltningsstyretemakta kan fastsetje reglar for beite i reservatet dersom dette er naudsynt for å unngå vesentleg skade eller endringar i vegetasjonen.
- j) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- k) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak fra ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyretemakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Motorferdsel på eksisterande Fv. 722 fram til ny Fv. 722 gjennom Flotunnelen er opna.
- b) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d) Naudsynt motorferdsel i forbindelse med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyretemakta.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyretemakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak langs og på gamle fylkesveg Fv. 722 som går gjennom naturreservatet.
- b) Omlegging og fjerning av eksisterande kraftlinje som skal leggjast i kabel i tunnelen.
- c) Hogst og annan tradisjonell bruk av området, og motorferdsle i samband med dette.
- d) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- e) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyremaktene
- f) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle klopper.
- g) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- h) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- i) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- j) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- k) Ringbarking og felling av gran, platanlønn og framande artar med med høg eller svært høg økologisk risiko på Fremmedartslista etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- l) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyretemakta.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 e, f, h, j og k og § 7 a, b, c, d, e, f, h og j.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)



Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (*skjøtsel*)

Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (*forvaltningsplan*)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltningsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (*ikraftsetjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 13. september 1991 nr. 649 om vern av Flostranda naturreservat, Stryn kommune, Sogn og Fjordane, oppheva.